

Førde, 26.08.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Elde kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 07.05.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.294. Elde kraftverk ligg i Keipen Turlag sitt arbeidsområde, sjå:
<http://keipen.turistforeningen.no/>

Om friluftsliv i området:

Det som står om brukarinteresser i punkt 3.11 på side 28 i konsesjonssøknaden, stemmer godt med dei opplysningane vi har. Den nye vegen via Bortnen har korta inn avstanden mellom Svelgen og Elde mykje. Men om denne kortare og raskare tilkomsten har ført til at folk frå Svelgenområdet har auka bruken av Eldedalen til friluftsliv, er vi usikre på.

Ettersom kraftutbyggingsinngrepa berre råkar den nedste delen av dalen der det er ein del andre inngrep frå før, og dei høgreliggande delane av dalen ikkje vert påverka, reknar vi ikkje konfliktane med friluftslivet som så store at det gir oss god nok grunn til å gå mot utbygginga.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne på mellom maksimum 152% og minimum 6,6% reknar vi som ei nøktern vassutnytting som vi ikkje har merknader til. Den maksimale vassutnyttinga er låg nok til at det framleis vil bli ganske god variasjon i vassføringa i elva.

2.2 Inntak: Vi har ikkje spesielle merknader til det som står i konsesjonssøknaden. Bruk av Coanda-inntak synest vi er fornuftig for denne utbygginga.

Under Avbøtande tiltak på side 30 i søknaden, står det at: «*Det kan også vere aktuelt å hjelpe oppvandrande å forbi inntaket ved å bygge åleleiarar.*» Dette verkar for oss som eit fornuftig avbøtande tiltak, og vi ber NVE om å vurdere å sette fram krav om dette.

2.2 Røyrgate: Vi har ingen spesielle merknader til det som står i søknaden.

2.2 Kraftstasjonen: Det er fornuftig av kraftstasjonen er planlagt plassert oppstraums der elva deler seg. Spørsmålet er om kraftstasjonen bør flyttast enda litt lenger opp, til vandringshinderet på kote 20. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring for å sjå konkret på dette, vil vi ikkje sette fram «krav» om at kraftstasjonen skal flyttast, men vi ber NVE vurdere spørsmålet under sluttsynfaringa.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

Vi har med glede merka oss at det - av omsyn til den anadrome fisken i elva - skal installeras omløpsventil i kraftstasjonen. Det er eit godt og viktig tiltak. God støydemping er også viktig.

2.2 Vegbygging: Vi har ingen spesielle merknader til det som står i konsesjonssøknaden. Det er bra at dei midlertidige vegane fram til inntaket og langs røygata skal fjernast etter utbygginga!

2.2 Nettilknyting: Det ønskjeleg at kabelen vert graven ned.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

NB! Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: Minstevassføringa er viktig for mellom anna å sikre mattilgangen for fisken på den anadrome strekninga. Dessutan for den raudlista ålen som skal vandre oppover i vassdraget. Ei heilårleg minstevassføring på berre 35 l/s i ei elv som har ei middelvassføring på 756 l/s, er lite. Vi ber NVE vurdere om ikkje minstevassføringa bør aukast noko. Helst til 50 l/s heilårleg, eventuelt til litt mindre, 40 – 45 l/s.

3.4 Raudlistearter og 3.5 Terristrisk miljø: Vi har ikkje vurdert dette i nemneverdig grad, og reknar med at NVE og andre høyringsinstansar gjer det. Vi ber NVE vurdere om utplassering av predatorsikre rugekassar for fossekall kan vere eit aktuelt tiltak for denne utbygginga.

3.6 Akvatisk miljø: Med tanke på at det er sjøaure og ål i elva, ber vi NVE vurdere både plasseringa av kraftstasjonen, storleiken på minstevassføringa, og korleis ålen skal passere inntaket på veg oppover. Sjå det vi har skrive om dette tidlegare i fråseguna.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Konfliktane med friluftslivet er moderate, og ikkje så store at Sogn og Fjordane Turlag vil gå mot utbygginga. For oss ser det heller ikkje ut til at konfliktnivået på andre fagområde er så stort at det tilseier nei til utbygging, men dette har NVE større fagkompetanse til å vurdere enn det vi har.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernuntnalet

Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14